

## Preike i Domkirka på Maria budskapsdag

24/3- 2019; Preiketekst: Luk 1,39-45

<sup>39</sup> Noen dager senere dro Maria av sted og skyndte seg opp i fjellbygdene, til den byen i Juda <sup>40</sup> hvor Sakarja bodde. Der gikk hun inn til Elisabet og hilste på henne. <sup>41</sup> Da Elisabet hørte Marias hilsen, sparket barnet i magen hennes. Hun ble fylt av Den hellige ånd <sup>42</sup> og ropte høyt: «Velsignet er du blant kvinner, og velsignet er frukten i ditt morsliv. <sup>43</sup> Men hvordan kan det skje at min Herres mor kommer til meg? <sup>44</sup> For da lyden av din hilsen nådde øret mitt, sparket barnet i magen min av fryd. <sup>45</sup> Og salig er hun som trodde, for det som Herren har sagt henne, skal gå i oppfyllelse.»

Det startar med noko knapt høyrleg eller synleg, ein bevegelse bak ribbeina. I ei liten landsby i ei palestinsk fjellbygd, i engasjementet til ei femtenårig jente utafør Riksdagen i Stockholm. Det veks seg stort og blir verkeleg. Og vi kan feire. Maria budskapsdag er ein festdag i fastetida. God budskapsdag til alle!

Til kvinnelege teologar, gratulerer med dagen! NKTF har fylt 60 år og feirar i dag med fest! Sidan 1958 har jobba for styrke teologisk arbeid blant kvinner, likestilling – få kvinner på alle nivå i kyrkja og for feminisme.

Til alle dere, små og store som har vært med og aksjonert *for* miljøet og framtida denne uka. Til alle som er med på kirkemusikkfestivalen. Eg håper på meir engasjement for miljøet, og at musikken og eit håp som veks seg større, vil følgje oss i miljøkampen framover.

God Maria budskapsdag!

Har du kjent at det rører seg inni deg? Som eit hopp, ei vennleg rykk, eit friskt frydefylt fråspark. Kanskje det skjer når nokon helsar på deg. Eg trur det er det evangeliet i dag dreier seg om, desse øyeblikka i liva våre då vi merkar, svakt, nesten umerkeleg, at vi er på sporet til liv. Noko som gir håp, noko som er utafør vår kontroll. Det er heilage augeblikk som vi må ta vare på, som ein gave.

Då eg var lita, lurte eg på kva dette budskapet til Maria var. Det gjer eg stadig. For det er vel noko som gir håp og livskraft alle verdens mariaer og til oss? Det er ikkje sikkert at det kjem frå maktas sentrum, vel heller frå utkanten, i bakgatene, blant barn og unge kanskje. Som for eksempel det budskapet som lyd frå den svenske klimaaktivisten Greta Thunberg og frå alle titusener som har demonstert for miljøet denne uka: «Ikkje øydelegg framtida vår!»

Eller frå ein annan utkant, i ein landsby i fjellbygdene som var så liten at den ikkje hadde namn. Der møttest to kvinner, ei med stor mage, ei der ein ikkje kunne sjå nokre ytre teikn på graviditet, enno. Også der er det liv og bevegelse .

Maria helse på søskenbarnet sitt, Elisabet. Og barnet høyrer også helsinga og sparkar i moras mage. Fred vere med deg, ja fred, men også bevegelse og friske frydefulle fråspark.

Elisabet ropar høgt til Maria: «Velsigna er du blant kvinner, og velsigna er frukta i ditt morsliv». Elisabets skulle om ikkje lenge blir mor til Johannes, han som no låg i fostervatn i mors liv, skulle bli kjent som døyparen Johannes. Og høgdepunktet i Johannes som karriere var då han døypte den andre, han som fekk namnet Jesu, i **reint vatn.**

**Dei to kvinnene** talte kvardagslege og profetiske ord til kvarande. Lukas seier at Elisabet vart fylt av Den heilage ande. Kanskje tenkte han då på orda til profeten Joel, som han seinare viser til når han skildrar pinseunderet: I de siste dager *skal det skje*, sier Gud,

*at jeg øser ut min Ånd over alle mennesker.*

*Deres sønner og døtre skal profetere,*

*de unge skal se syn,*

*og de gamle skal drømme drømmer.*

*Selv over mine slaver og slavekvinner*

*vil jeg i de dager øse ut min Ånd,*

og de skal tale profetisk.

Kva har dette med **budskap til oss å gjere?** Kva er det **her som berører det som står på spel for oss, dei av oss som står der litt tafatte i møte med miljøkrisa**

**og kanskje også kjenner på at livet buttar mot, at livsmotet og håpet ikkje er der lenger?**

Dei to vordande mødrene står **der saman og kjenner på barn som sparkar av fryd og seier vennlege ord til kvarandre.**

**Desse barna skulle seinare bli viktige i kampen for rettferd, Johannes levde enkelt ute i ørkena og hadde eit bodskap om at folk måtte ta seg saman og vende om. Jesus sa at han var komen for å sette fangar fri og undertrykte.**

Og han helste, som mora vart helst av engelen, dei han møtte med fred være med deg, frykt ikkje!

Maria budskapsdag handlar om å ta imot utfordringa, å ta vare på det **håpet vi ber i oss**

og om ta til seg det som gir mot til å leve og mot til å tru. Vi er medskaparar, bærar av framtida , kvar og ein av oss, kvinner som menn, unge og gamle!

Elisabet helsar Maria med ord vi kjenner igjen. Fleire av dykk har kanskje høyrte denne helsinga til Maria som bøn eller som kyrkjemusikk: Ave Maria, gratia plena osv. Marias helsing fekk det til å skje noko i Elisabets liv, slik kan ord og musikk også forandre våre liv, kanskje i form av ein jubelrop, kanskje som noko som taler til det djupaste i oss.

I alle fall har de høyrte det Maria syng straks etter denne samtalen med Elisabet: Ein jublande lovsang Marias lovsang, Magnificat, som vi allereie har høyrte koret synge:

«Mi sjel høglovar Herren,  
og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar. /.../  
Han støyte stormenn ned frå trona  
og lyfte opp dei låge.  
Han metta dei svoltne med gode gåver,  
men sende dei rike tomhendte frå seg

To kjente låtar og bønner, vel kjent frå kyrkjemusikken berre her altså. Kan det kome noko godt frå fjellbygdene? Ja absolutt. Lukasevangeliets to første kapittel er jo staden for nesten alle viktige lovsingar i tidebønene og i gudstenestelivet, Sakarja og Simeons lovsang, og englane for ikkje å gløyme englane som syng ære være: Gloria in excelsis! (*peike litt henslengt mot domkirketaket?*)

Maria lovsang spelar som Hannas lovsang på førestillingar om jubelåret, da alt skal bli fordelt på nytt, til beste for jorda og alt det levande som bur der.

Kva er det som gir oss *mot* til å kunne halde fram og engasjere oss i kampen for skaparverket og miljøet? For den britiske klimaforskaren Mike Hulme er fire bibelske bilde som ligg nær når ein skal finne ut

korleis vi menneske skal handle og tenke stilt ovafor den store miljøtrusselen. Dei fire motiva han trekker fram som forteljingar om møte med klimaendringa, er

- 1) å sørge over det tapte Eden,
- 2) å varsle om den kommande apokalypsen,
- 3) å konstruere Babels tårn og
- 4) å feire jubelåret.

Det første er ofte forbunde med ei førestilling om at naturen opprinneleg var idyllisk og i balanse, mens den andre reknar med at katastrofen er uunngåeleg. Dei som går inn for tårnbyggeri har gjerne ei optimistisk forståing av teknologi, mens satsinga på jubelåret er eit resultat av etisk og moralsk refleksjon.

Desse ulike svara på dei spørsmåla klimakrisa reiser, kan også bli oppfatta som konkrete utgåver av sentrale menneskelege kjensler som nostalgi, framtidsfrykt, sjølvtilitt på grensa til hovmot og rettferd. At klimaforskaren Hulme avsluttar boka med slike bibelske førestillingar, viser at forteljingar og bilde er nødvendige også i møte med desse utfordringane. Kva forteljing som er best og mest realistisk? For mange av oss, ligg det mest håp i ei profetisk forståing av jubelårets visjonar om rettferd for alt levande.

Eg trur jo også at Noas ark kanskje også kan vere eit bilde på korleis artsmangfaldet, også dyr som er heilt unyttige for menneska, blir

redda. Ulike bibelske forteljingar altså, som kanskje kan gi oss lyst og mot til å handle.

For forteljingar om kor gale det kan gå gir i alle fall ikkje meg, og eg trur eg har mange med meg, lyst til å gjere noko, fortellingar om jordas undergang verker heller lammande. Dårleg samvittighet er ikkje det mest fruktbare utgangspunktet for gode og fantasifulle handlingar.

Då trur eg heller vi må fortelje kvarandre om det gode og fine vi håpar på, gi bilde av det vakre, av sterke naturopplevingar, folk og ungdom som handlar saman, slik som på ungdommens aksjonar dei siste ukene, førti tusen norske skolebarn i streik for miljøet! Slike bilde av folk og skaparverk trur eg er nødvendige dersom vi skal få lyst og mot til å gjere noko for miljøet som krev innsats.

Jubelåret altså, forteljingane og draumane (vi kjenner frå Det gamle testamentet) om då eigendom blir fordelt på nytt og jorda får kvile og ikkje utpint, finst også som ein undertone i det Jesus seier i synagoga om at han «skal forkynna ein god bodskap for fattige.

Han har sendt meg for å ropa ut  
at fangar skal få fridom  
og at blinde skal få sjå,  
for å setja undertrykte fri  
og ropa ut eit nådeår – eit JUBELÅR- frå Herren.

Kor er det Jesus har dette frå? Også frå mor si og frå fleire sterke kvinner før det igjen.

Eg trur dette er ei kjelde som vi stadig kan ause av for å finne mot og livstru.

Vi kan nynne på sangene og tenke på det underet som skjer når eit barn veks i magen og på livets ursang når barnet opnar munnen for første gong og skrik og livet står på spel og foreldre og besteforeldre og småsøsken sparkar og dansar med av fryd.

Som eit hopp, ei vennleg rykk, eit friskt frydefylt fråspark: Lat oss gå saman. I kamp for livet og miljøet, for reint vatn og fuglar, insekt, fisk, dyr og alt levande.

Vi synger med Maria: Ære være Skaparen og frigjeraren og livgivaren, som var, er og blir ein sann Gud frå æve til æve.